



Rapport 2017

Årdal Utvikling



1. Forord

Årdal kommune sin overordna visjon er at Årdal skal vere ein god stad å bu, leva og arbeida. Årdal Utvikling er kommunen sitt verktøy for å gjennomføre strategisk næringsplan. Gjennom dette arbeidet støtt Årdal Utvikling opp om visjonen til kommunen, ved å bidra til berekraftig næringsutvikling med fokus på å leggja tilhøva til rette for høg livskvalitet, gode utdanningsmogelegheiter og nye arbeidsplassar i eit variert og framfyrta næringsliv. Den viktigaste ressursen i dette arbeidet er likevel næringslivet sjølv. I rapporten for 2017, får de eit lite inntrykk av kva Årdal Utvikling arbeider med, og kva utfordringar kommunen står framføre. Strategisk Næringsplan og handlingsplanen for 2017, gjev grundig informasjon om kva prosjekt som har hatt fokus i året som har gått.

Årdal har vore inne i ein positiv trend sidan 2015. Vi trur denne trenden vil halde fram mot 2021, sjølv om vi har hatt ein del tilbakeslag i 2017.

Satsing på kompetanse og innovasjon

I samband med tung rullering av strategisk næringsplan i 2016, gav næringslivet eit sterkt signal om at Årdal Utvikling måtte satse på kompetanseutvikling og innovasjon. I 2017 har difor Årdal Utvikling nytta mykje tid og ressursar på å lage ein kompetansestrategi for Årdal. Denne vart endeleg vedteken i kommunestyret i desember 2017. Arbeidet med å realisere strategien, vil ha sterkt fokus i heile 2018 og 2019. I gjennomføringa av denne strategien, vil vi ha merksemd på samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar, utvikle og styrke Sogn Opplæringskontor og saman med næringslivet etablere eit nytt teknologi og innovasjonsselskap.

Satsing på reiseliv

Vi har gjennom heile 2017 hatt ei sterk satsing på reiselivsprosjekta som kom fram i samband med rulleringa av strategisk Næringsplan. Mange av prosjekta er begynt å nærme seg realisering. I tida fram mot 2020, vil vi sjå at nye positive tiltak knytt til sjøfronten på Årdalstangen vil ta form, og vi vonar også at det nærmar seg realisering av spennande prosjekt i Utladalen. Årdal Utvikling har heile tida fokus på å profilere Årdal som ein attraktiv stad å besøka. Vi vil sjå at i åra som kjem, vil Årdal vere stad for mange populære TV-produksjonar, som vil få fram dei flotte opplevingane Årdal har å by på.

Satsing på arbeidsplassar for kvinner og ungdom


Årdal har etter kvart fått eit spennande og livskraftig næringsliv. Vi ser at innan besøksnæringsane, så står det fram kvinnelege leiarar og eigarar, som set sitt tydelege preg på Årdal. Ungdommen vår held fram med å profilere seg på nasjonalt nivå, gjennom det gode arbeidet den vidaregåande skulen legg ned innan entreprenørskap. Det er likevel slik at mange kvinner i aldersgruppa 18 til 39 år, flytter frå Årdal. Årdal har mange spennande arbeidsplassar, men vi manglar truleg arbeidsplassar som kvinner vanlegvis vil ha. Som konsekvens av denne fråflyttinga, har Årdal eit negativt fødselsoverskot. Saman med ein aldrande befolkning, så blir då konsekvensen nedgang i folketalet. Dette strukturelle trekket må vi ha stor merksemd på i åra som kjem.

I rapporten frå 2017 finn du også presentasjonar av bedrifter, vi ønskjer å trekke fram. Desse representerer ulike bransjar, som viser litt av variasjonen i næringslivet vårt.

1. Stabil utvikling av detaljhandelen i Årdal i 2017

Vi skriv stabil utvikling i overskrifta, sjølv om detaljhandelsomsetninga i Årdal auka frå 443,2 mill kroner i 2016 til 465,1 million kroner i 2017. I prosent utgjer veksten 4,9 prosent – noko som ved første augekast verkar svært positivt. Bak veksten ligg stort sett ein auke i omsetning av motorvogner. Vi er litt usikre på kva som er årsaka til denne sterke veksten, når det gjeld motorvogner.


Tala for detaljhandel utan motor og kan vi derimot stole på. Denne hovudgruppa av detaljhandel var stabil med ein minke på -0,3 prosent frå 389,2 mill kroner i 2016 til 388,1 mill kroner i 2017.



Ut frå at veksten i Årdal sin detaljhandel var svært sterk i 2016, hadde vi på førehand venta ei svakare utvikling i 2017, enn det vi ser av tala. Det er alltid vanskeleg å slå eit «fjorår» med sterk vekst. At detaljhandel utan motor heldt seg nokolunde stabil, fortel oss at detaljhandelsnæringa i Årdal heller er styrka enn svekka dei 2 siste åra.


På bransjenivå er det likevel ein del skilnader å spore på utviklinga. Daglegvarer inklusiv multivarebutikker gjekk litt fram. Tyngre faghandel som Bygg/Hus/Hjem inklusiv møbel auka sterkt, 6,7 prosent. Lettare faghandel inklusiv kler gjekk tilbake med 2,8 prosent. Anna handel som er ei restgruppe der vi finn både sport og vinmonopol gjekk fram med 1,2 prosent. Klesbutikkane sin omsetning gjekk tilbake med 2,9 prosent i 2017. Ved tolking av desse tala skal vi ha med at kler historisk sett er ein av dei bransjane som har hatt størst lekkasje ut av kommunen, og i seinare år har møtt sterkare konkurranse frå netthandel. At nedgangen ikkje var på meir enn -2,9 prosent etter at bransjen året før gjekk fram med 4,5 prosent må tolkast som bra. Omsetninga av kler er dermed på same nivå som tidlegare.

BRANSJEGRUPPER OMSETNING 2017 OG ENDRING %



Det er interessant å sjå på korleis handelen fordeler seg på dei ulike terminane i eit år. Årdal har tradisjonelt hatt minst handel om sommaren, då vi historisk har hatt lite besøk til kommunen. Dei siste åra har besøket auka jamt, og trafikken over Tindevægen er ein god indikator på dette. Over 40.000 bilar køyrde over torget i Øvre Årdal i 2017. Klarer handelen i Årdal å utnytte den store trafikkauken vi har over torget i Øvre Årdal? Ser vi på omsetningsstatistikken i Årdal samanlikna med dei meir utprega turistkommunane Lærdal og Aurland, ser det ut til at Årdal framleis har eit stort forbedringspotensiale på å utnytte den auka besøkstrafikken i Årdal. Vi ser at Aurland og Lærdal har ein topp om sommaren, medan handelen i Årdal er stabil. Dette er likevel ei forbedring frå tidlegare år, då handelen var svært låg om sommaren. Eitt mål for Årdal bør vere å få handelen om sommaren opp på same nivå som julehandelen. Dette vil bety ein auke i handelen på 8 millionar kroner. Skal ein nå dette målet må handelen og reiselivet dra lasset saman. Vi ser mellom anna at 30% av dei besøkande over torget i Øvre Årdal kjem etter kl 17. Då er mesteparten av butikkane stengt. Ei viktig vurdering blir nok korleis vi skal tilpasse handelen til dei besøkande. Dette krev eit tett samarbeid i handelen og mellom handel og reiseliv.

TERMINVIS OMSETNINGSANDEL I PROSENT AV ÅRSOMSETNINGEN





Forvaltar éin tredjedel av bustadmassen i Årdal

Årdal Boligbyggelag kan hjelpe deg med omtrent alt når du er på jakt etter tak over hodet.

766 leiligheter, 30 burettslag. Totalt utgjør det éin tredjedel av bustadmassen i kommunen. Då må god service liggje i botnen.

For Årdal Boligbyggelag kan hjelpe deg med det meste innanfor ei rekke område knytt til bustaden din. Sentralt ligg forvaltninga av burettslaga, men i dette ligg det mange oppgåver – anten det er snakk om rekneskap, budsjett eller innkrevjing av husleige.

– Eit av føremåla våre er at me skal driva med nybygging. I 2017 starta me planlegginga av elleve nye leiligheter, og desse vil bli ferdigstilt våren 2019. Vi er også med på eit forprosjekt på bygging av sju leiligheter for menneske med spesielle behov. Desse er forventa å bli ferdigstilte i 2019, seier Greta Steinheim.

– Viss utviklinga i Årdal held fram med prognosane frå Norsun, så ser me at det generelt er behov for fleire bustader. Det

er klart at Årdal boligbyggelag ser sitt samfunnsansvar og vil delta her.

Behandlar kundane likt

I løpet av dei siste to-tre åra har burettslaga investert 70-80 millionar kroner i Årdal. Det seier noko om storleiken på det heile. Til dømes er det blitt investert i heisar, nye balkongar og fornying av røyrssystem.

Ein er ofte i kontakt med kundar. Difor er det viktig å kunne yte god service.

– For meg er god service at kunden får det han spør etter. Eg er oppteken av at alle skal behandlast likt. Eg har ei haldning om at den som kjem inn døra skal få det han eller ho ønskjer. Det er kunden som er i fokus.

Tilbyr fleire tenester under same tak

Men å forvalta burettslag er ikkje det einaste Årdal Boligbyggelag kan tilby.

– Det er hovudtenesta vår, men så har me mellom anna vaktmeistertenesta, som er veksande. Denne tilbyr me til privatpersonar, burettslag og næringslivet i Årdal. Me har til dømes vaktmeistertenesta på Årdalsenteret, og me klypper graset rundt Dooria-bygget på Årdalstangen. Mange vil også nytte oss som ambulerande vaktmeister, forklarar Steinheim.

For nokre år tilbake kjøpte også ÅBBL opp Årdal Reinhaldservice og etablerte det som eit dotterselskap.

– Så då driv me også med reinhald. Det kan vera hyttevask, helgevask eller rundvask ved flytting, eller me kan vaska for næringsdrivande eller i burettslag – alt mogleg, seier Steinheim

– Me har også mange oppgåver knytt til tekniske tenester til burettslaga våre. Anten det er snakk om rehabilitering eller standardheving, så er me med som rådgivarar, seier ho.

I tillegg har dei Garanti Eigedomsmekling Indre Sogn, som sel hus, hytter og leilegheiter.

Kan få meir att ved å yte god service

Alt dette er tenester i vekst, slik servicenæringa elles er i Årdal. Steinheim meiner alle innan denne bransjen har noko å lære.

– Å yte god service er viktig, for kundane kjem ikkje av seg sjølv. Ein må vise at ein set pris på kunden. Eg trur næringsdrivande innan servicebransjen kan sitja att me endå meir dersom ein leverer god service, trur ho.

Difor er Steinheim klinkande klar på at dei framleis må stå på for å halde fram med veksten dei har sett innanfor tenestene dei yter.

– Me ønskjer å bli større både innanfor vaktmeistertenesta og reinhald. Då kan me tilsette fleire, som igjen gir betre kvalitet og fleire strenger å spela på. For Garanti sin del ønskjer me sjølvstøtt å ta så stor marknadsdel som mogleg.

– Me prøver å få kundane til å sjå at me kan tilby fleire tenester i tillegg til berre det å omsetja bustader. Dette er tenester ein kan nytte seg av når ein til dømes skal flytte. Eg trur dette er vegen å gå for framtida.

4. Korleis jobbar me?

Organisering

I 1983 arbeidde Utviklingsselskapet for næringsliv på Vestlandet ut ein rapport om næringsutviklinga i Årdal (Smedalrapporten). Det vart då vedteke å etablere eit tiltakskontor som sjølvstendig juridisk eining i Årdal. Det vart vidare vedteke at tiltakskontoret skulle organiserast som næringsdrivande stifting. Det var brei semje om at tiltakskontoret ikkje berre er ei kommunal oppgåve. Trongen til raske avgjerder og tett samarbeid mellom det lokale næringsliv, bankane, kommunen og fagrørsla var grunngevinga for å skipe ei sjølvstendig juridisk eining. Dei same tankane låg også bak samansetjinga av styret i tiltakskontoret. Næringsarbeidet har i 30 år vore organisert etter denne modellen. Oppgåvene og arbeidsmetodikk har nok endra seg litt over tid, men det grunnleggande kravet om sjølvstendig juridisk eining som skulle ha ein fri stilling i høve kommunen sine meir forvaltningsretta oppgåver, har heile tida lege fast.

Strategiske planar

Årdal kommune vedtek ein kommuneplan som har ein samfunnsdel og ein arealdel. Denne planen er overordna alle andre planar i kommunen. Her vert dei overordna måla sett, som alle skal jobba mot. Strategisk Næringsplan (SNP) er ein 4-årig kommunedelplan som skal konkretisere dei meir overordna måla som er sett i kommuneplanen. I tillegg vedtek ein saman med SNP ein Handlingsplan for komande år. Handlingsplanen bryt måla ned i konkrete prosjekt og aktivitetar. Kommunen har engasjert Årdal Utvikling til å gjennomføre SNP med handlingsplanen. Det er likevel viktig å presisere at det er kommunestyret sin plan, og


det er dei som vedtek kva område ein skal jobbe med. I arbeidet med SNP må Årdal Utvikling (ÅU) arbeide tett saman med kommuneorganisasjonen og næringslivet både lokalt og nasjonalt. I tillegg må ÅU ha tett samarbeid med regionale og statlege verkemiddelaktørar som SIVA og Innovasjon Norge.

ÅU sin strategi

Strategisk har Årdal Utvikling fokus på kor attraktive vi er som bustadkommune, besøkskommune og bedriftskommune. Klarer Årdal å få til ei positiv utvikling knytt til desse sentrale utviklingsområda, vil kommunen totalt sett få ei positiv samfunnsutvikling. Strategiane som vi arbeider etter i SNP, legg opp til å utvikle desse tre sentrale områda for kommunen. Alt strategiarbeidet vert organisert i prosjekt med klare resultatmål.

Servicefunksjon

I tillegg til dette strategiske utviklingsarbeidet, så har også ÅU ein servicefunksjon mot næringslivet. Alt praktisk arbeid med registrering av selskap, søknader om finansiering og hjelp til utarbeiding av forretningsplaner vert tilbydd hjå ÅU. I tillegg arbeider ÅU mykje med bedrifter som har kome i vanskar, dette kan vere økonomiske utfordringar, konflikhtar mellom eigarar, problem med leverandørar og ikkje minst hjelpe bedriftene med å utvikle seg. Årdal Utvikling utarbeider også rapportar om større tema (samferdsle, skule, helse) som vert nytta i det politiske arbeidet kommunen gjer, for å ta vare på Årdal sine interesser.





Brukar lokalkunnskapen til å yte god service

At ein plutseleg kan treffe på kunden sin i køen på daglegvarebutikken, kan vere ein stor fordel når ein driv med eigedomsmekling.

For Garanti sin del har dei etter kvart jobba seg opp eit kunderegister, der dei har brukbar oversikt over kva folk er på jakt etter når dei ser etter tak over hovudet. At ein opererer i eit forholdsvis lite lokalsamfunn, er berre ein fordel.

– Det er jo ikkje alle som vinn den første bodrunden dei er med på, men då har me registrert kva dei er ute etter. Dukkar det opp objekt som me meiner kan passe, tek me kontakt og informerer, seier eigedomsmeklar Torleiv Læg Reid i Garanti Eigedomsmekling.

Stort sett alle skal på eit eller anna punkt i livet kjøpe seg bustad. Anten du er på jakt etter oppussingsobjekt, ein einestad eller leiligheit, så er dei fleste ute etter ein noko dei kan kalla «heim».

God service er når kunden er nøgd

Og sjølv om jobben som eigedomsmeklar først og fremst handlar om å ta vare på oppdragsgivaren som skal selja heimen sin, skal dei hjelpe begge partar.

– Du har bodrunder, visningar og den type ting, og då skal me vera part for begge sider sjølvsagt. Når kundane er nøgde, så betyr det at me har ytt god service, seier han.

Og då kan det vere ein fordel å operere på ein plass som Årdal, der ein kan byggje seg opp eit nettverk som ein kan spele på.

– Me har etter kvart prøvd å danna oss eit slikt kunderegister slik at me veit kva den enkelte som har vore med på tidlegare bodrundar, er på utkikk etter. Det kjem stadig nye inn på den porteføljen, men me prøver å ha ein viss oversikt.

Kan bli betre på service

På den måten kan ein yte god service – noko Læg Reid meiner Årdal framleis er i ein startfase på – etter fleire år som eit tradisjonelt industrisamfunn.

– Årdal heng kanskje litt etter, men me ser no at handelslekkasjen minkar, og det er nok eit signal om at me er i ferd med å bli flinkare og kanskje meir profesjonelle her i

Årdal. Konkurransen vert hardare, og då må bedrifter tenkja i nye baner.

– Endå heng me litt etter, men er på gang. For Garanti sin del, deltek me på fire fagforum i året, der marknadsføring alltid er noko som kjem att. Me kan ikkje samanlikna oss med byane, men me har mykje å henta på idear og ting dei gjer andre stader.

Marknadsføring sentralt

Det har Garanti tatt tak i og annonserer mellom anna meir i sosiale medium og i lokalmedia.

– Me ønskjer å vere leiande innan eigedomsmekling. Me har hatt ei voldsom utvikling på marknadsføring, der me viser oss fram her i regionen først og fremst. Me ønskjer også meir fotfeste i Lærdal og på hyttemarknaden, spesielt over mot Tjøn. Me vil serve alt.



Egon Moen: – Lokalbanken, det er der me har vår styrke

Å jobba innan finans eller tenesteytande næring har kanskje ikkje hatt den same statusen i Årdal som andre stader, men banksjef Egon Moen føler det er i ferd med å endre seg.

Årdal er eit tradisjonelt industrisamfunn, men samfunnet er i endring. Medan hjørnesteinsbedriftene framleis har ein sentral posisjon, er tida inne for at andre næringar, og då spesielt innan tertiærnæringa, veks fram.

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank. Med kontor i Øvre Årdal, på Årdalstangen, i Lærdal, i Sogndal og i

Bergen, har dei ein struktur som gjer at dei er nær deg. Over to tredjedelar av kundane er i personmarknaden, resten frå næringslivet.

– Me meiner me er ein lokalbank. Sjølv sagt merkar me digitaliseringa her også, og me har avvikla kontanthandtering i kassa ved samtlege kontor. Samstundes har me halde på ein struktur som gjer at me er nær

kunden. Det er der me skil oss frå dei andre store bankane i Noregs land og har vår styrke, seier Moen.

God service står sentralt

Først og fremst tilbyr Indre Sogn Sparebank vanlege finansprodukt innan lån og innskot, men dei har også ei rekke tilleggsprodukt innan pensjon og forsikring. Gjennom

dotterselskapet Aktiv har banken også eit eigedomsmeklarkontor.

Sentralt i alt dette står god service.

– Frå banken sin ståstad handlar god service om å avdekkja kunden sitt behov og tilby noko som dekkar det behovet - og at kunden vert nøgd med tenestene ein yter.

Ei næring under utvikling

Som eit tradisjonelt industrisamfunn, har ikkje servicenæringa vore i like stort fokus, men det er i ferd med å endre seg. Med si voldsomme utvikling, har denne næringa på mange måtar dekkja opp for nedbemanningar i industrien gjennom mange år.

– Det er og har vore ei utfordring i Årdal spesielt. Det er ikkje slik i Sogndal. Me

er veldig ulike på dei forskjellige plassane me har kontor. Sjølv om ein har fått fleire serviceretta næringar, er Årdal ei industribygd, så det å vere finansperson her eller jobbe innan tenesteytande næring, har ikkje hatt same status som andre jobbar. I Bergen er det heilt annleis, men eg føler det er i ferd med å endre seg. Denne bransjen er under utvikling, men me har masse å byggja på, meiner banksjefen.


Sterk lokal profil

Som lokalbank, er den lokale profilen sterk. Indre Sogn Sparebank er ein aktiv bidragsytar i lokalsamfunna med støtte til idrettslag og organisasjonar. Målet er å vera den leiande banken i sitt marknadsområde også i framtida, både innan finans og eigedomsmeikling.

– Skal ein overleva, må ein yta god service, vera førsteval og god i konkurransen – samt ikkje ha for store tap, vise til gode resultat og vera i takt med tida digitalt. Finansiæringa er under regulatoriske krav som vert stilt internasjonalt, og dei skal me innfri, men banken har behov for å veksa for å handtere det og ha naudsynt kompetanse for å drivja bank. I dag greier me det med den kapitalen me har, men i framtida må me veksa for å kunne gjere det, avsluttar Moen.

Analyse Årdal 2016 - 2017

FOLKETALSUTVIKLING ÅRDAL KOMMUNE, 2007-2018 (01.01)



Figur – data SSB, folketal pr 01.01 i kalender år


Folketalsutvikling

Utviklinga i folketalet i Årdal har i 2017 hatt ein vidare nedgang som følgje av negativt fødselsoverskot og større utflytting enn innflytting. Dette har vore trenden sidan 2010

Syssetting

Utviklinga i syssetting i Årdal viste eit trendskifte i 2015, med ein auke på 84 arbeidsplassar. Innanfor forretningsmessig tenesteyting, er det spesielt helsetenester som aukar dette året. I 2017 flytte ei stor helseverksemd ut frå kommunen, noko som resulterte i ein nedgang på 87 arbeidsplassar, i hovudsak kvinner.


SYSSELSETTINGSUTVIKLING ÅRDAL 2007-2017



Figur – data SSB, syssette etter bustad og arbeidstad 1424 Årdal

Industri 42% Transport 1% Forr. tenesteyting 15% Energi 2% Fylke og stad 6%


ÅRDAL 2017



Figur – data SSB, andel syssette etter arbeidstad 1424 Årdal pr næring

Næringsstrukturen i Årdal viser at vi fortsatt er ein industrikommune med 45% av syssettinga. Offentleg sektor med fylke og stat står for berre 28% av syssettinga, som er godt under dei fleste kommunar i Sogn og Fjordane. Vi ser at forretningsmessig tenesteyting står for berre 7% av syssettinga, mot 14% i 2015. Denne nedgangen skuldast utflytting av store privat helsebedrift frå Årdal.

UTVIKLING SYSSELSETTE INDUSTRI ÅRDAL 2007-2017




Figur – data SSB og Hydro Aluminium, sysselsette arbeidsstad Årdal

Det er framleis ein svak nedgang i sysselsette ved Hydro, men avstanden mellom tilsette i Hydro og total sysselsetting i industrien aukar. Dette heng saman med vekst i andre bedrifter utanom Hydro. Det er no sjølvstøtt spennande å sjå om alle utvidingsplanane til Norsun blir realisert. Dette vil då medføre ei stor auke innan industrisysselsettinga i Årdal.


Sysselsetting etter kjønn kan ein sjå av figuren over som viser at den største auken i sysselsettinga er blant menn med 31 sysselsette. Nedgangen i sysselsettinga blant kvinner er på heile 53 sysselsette. Dette er ei kritisk utvikling for kommunen. Den sterke nedgangen i arbeidsplassar som er attraktive for kvinner, fører igjen til at dei flytter, og ein konsekvens er sjølvstøtt nedgang i fødselstala i Årdal. sterkare mot kvinne yrker. Det har vore ein strategi at ein skulle auke andelen sysselsette blant kvinner og dette ser ein at ein har luktast med på tross av nedgang i sysselsettinga totalt sett.

SYSSELSETTE I ÅRDAL



Figur – data SSB, sysselsette arbeidsstad Årdal


SYSSELSETTE I ÅRDAL, ALDER OG KJØNN



Figur – data SSB, sysselsette arbeidsstad Årdal

Sysselsettinga etter alder viser at ein har færre sysselsette kvinner i aldersgruppene frå 25-39 år og 40-54 år. Dette heng saman med nedgang i sysselsettinga over tid og mindre rekruttering inn. Konsekvensane av denne utviklinga ser vi i fødselstala for kommunen. Berre i aldersgruppa 25 – 39 år er nedgangen i sysselsettinga for kvinner på 32 sysselsette.

Utviklinga gjev eit tydeleg signal på kva vi må satse på i utviklingsstrategien vår. Det må bli eit sterkt fokus på å etablere arbeidsplassar som er attraktive for kvinner.



Vekstbedrifta med ambisjonar om å veksa

Indre Sogn ASVO er ein arbeidsplass for menneske som av ulike årsaker ikkje kan vere i ordinært arbeidsliv. No ønskjer dei å bli endå synlegare i marknaden.

Sjølv om bedrifta er litt annleis enn andre bedrifter, er ho samstundes ikkje det. For å veksa må Indre Sogn ASVO tenkje like mykje på service og marknadsføring som alle andre bedrifter i tertiærnæringa.

– Som namnet vårt seier, høyrer me til i Indre Sogn og har ein kundekrets i heile regionen, i tillegg til nokre i Oppland fylke. Eigarane våre, Årdal kommune og Hydro, er

våre største kundar, men også NAV er store. På toppen av dette kjem Lærdal og Aurland kommune, samt ein heil del lokale bedrifter, seier dagleg leiar Veronica Øyre.

Ønskjer å bli synlegare

No ønskjer dei å bli endå synlegare i regionen og plassere ASVO tydelegare på kartet.

– Det er viktig at regionen veit kva me tilbyr av varer og tenester.

Og dei er det mange av. For å nemne noko: glasproduksjon, skiltproduksjon, leveranse av matter til butikkar og bedrifter, utleige av dukar til hotell og private og vaskeri. Sistnemnde vart starta i 2013.

– Me har om lag 60-70 kundar per månad på vaskeriet, og det vert reparert rundt 200 plagg i månaden på syavdelinga. Dette er arbeidstøy som først vert vaska og så reparert, fortel Øyre.

Bedrifta har også starta produksjon av tennrullar, og prosessen er basert på total gjenvinning. Muspelheim, som er navnet dei har fått, er laga av avisepapir kokt i stearin. Bedrifta tek imot aviser og lysstumpar frå folk og nyttar dette i produksjonen.

I tillegg har dei starta den nye avdelinga «Pakkeriet», kor det blir pakka pappøskjer til NorSun.

Skal også vere der for dei tilsette

ASVO skal ikkje berre levere tenester og produkt, dei skal også serve arbeidstakaren.

– Først og fremst er me eit jobbtillbod for ei målgruppe som av ulike årsaker ikkje kan vere i det ordinære arbeidslivet, men me skal òg kvalifisere arbeidssøklarar til det

ordinære arbeidslivet. For å dekkje dette må me ha eit mangfald av arbeidsoppgåver, held ho fram.

– Det som er det unike i denne næringa er at ein har mykje større diversitet av mennesker og dermed også eit større spekter av ressursar. Her har ein sjansen til å kartleggje kvå dei tilsette bringer med seg av ressursar og kompetanse og byggje arbeidsoppgåver etter det. Me tilpassar oppgåvene til arbeidstakarane i større grad enn det ordinære arbeidslivet har sjansen til.

Med andre ord tilbyr ASVO også attføring, karriererettleiing, arbeidsevnekartlegging, kartlegging av basiskompetanse og formidling til det ordinære arbeidslivet.

– Vekst står alltid i fokus

Når målet er å kunne tilby ein tilrettelagt arbeidsplass for alle som har behov for det i Indre Sogn, samt vekse i produksjonen av varer og tenester, må service og marknadsføring stå sentralt.

– Me er jo per definisjon ei vekstbedrift, så vekst er alltid i fokus. For å oppretthalde veksten, er me avhengige av stadig å vere i utvikling, både når det gjeld, service, nytenking, kreativitet og kvalitetssikring, seier Øyre.

– Eg trur framtida ser lys ut, men me må følgja samfunnsutviklinga og imøtekomme etterspurnaden. Målet er å forbli ei god bedrift for både tilsette og for kundeporteføljen vår. Me må følgja etterspurnaden og vera innovative, og så er det ein milepåle for oss at me ein dag ønskjer å bli eit kompetansesenter.



Jarle Teigen: – Viktig å levere rett kvalitet til rett tid

Prosess-Elektro har ikkje like mykje kundekontakt som ein tenkjer i servicenæringa, men framleis er service viktig.

Prosess-Elektro vart starta hausten 1988 av Markus Vikøren og Jarle Teigen. I dag har bedrifta fem tilsette, der den som har kortast fartstid har vore tilsett sidan 2001. Alle fem er no eigarar av selskapet.

Konsulentfirmaet tilbyr tenester til offentlege og private kundar. Til det offentlege er det arbeid i samband

med prosjektering og prosjektleiing av elektrotekniske bygginstallasjonar. Av private kundar er det i hovudsak innan prosessindustri og maskinbyggerar.

Leverer komplette styresystem

– Til prosessindustrien er våre tenester levering av komplette automasjonsanlegg

med teikningsgrunnlag, programmering og installasjon, eller oppgradering av automasjonsdelen på eksisterande produksjonsanlegg, fortel Jarle Teigen.

– Til maskinbyggerar leverer me komplette styresystem for ulike spesialmaskiner. Leveranse omfattar då dokumentasjon, fri programmerbare styresystem med mann/maskin-kommunikasjon.

Kort responstid og driftsstøtte

Teigen fortel at dei ikkje har like mykje seljar- og kundekontakt som ein tenkjer i servicenæringane, men likevel er det viktig. I kontakt med nye kundar handlar det mest om å fortelja kva kompetanse bedrifta sit på og referere til tidlegare prosjekt.

– For kundane våre er det viktig at det me leverer rett kvalitet til rett tid. Det vil seie at anlegget går slik det vart tiltenkt og at det vert starta opp den dagen som er avtalt.

– Etter leveransar er ferdigstilt og kunden har teke over, tenkjer me det er viktig at me har kort responstid på feilretting og driftsstøtte, legg han til.

Halde seg oppdatert på siste nye

Teigen trur servicenæringa jobbar hardt for stadig å verte betre på nettopp service og at det er ei næring som vil veksa i framtida. For eiga bedrift, trur han framtida ser slik ut:

– Vårt mål er å halde oss oppdatert på det siste nye som skjer innan vårt fagområde slik at me skal kunne tilby gode løysingar i framtida også, seier han.



Driftsåret 2017

2017 har på mange måtar vore eit utfordrande år for kommunen. Utviklinga kan kort oppsummerast slik:

- Årdal fekk ein ganske sterk nedgang i tal arbeidsplassar i 2017. Nedgangen i tal arbeidsplassar i Årdal i 2017 var uventa, då kommunen hadde vekst i arbeidsplassar dei føregåande åra. Den største einskildfaktoren som kan forklare nedgangen, er at bedrifta Ecura helse og omsorg flytte hovudkontoret frå Årdal til Sogndal og Luster. Dette førde isolert sett til ein nedgang i sysselsettinga i Årdal på 87 årsverk.
- Årdal fekk også ein nedgang i befolkninga i 2017. Folketalet i Årdal har hatt ein synkende trend sidan 2011. Flyttetala til Årdal utvikla seg negativt i 2017. Det kom først og fremst av at det blei mindre innvandring. Årdal har hatt mange innvandrara dei siste åra. Innvandringa til Norge har gått sterkt tilbake, og det kan sjå ut til at synkende innvandring til Årdal er ein del av denne trenden.
- Det alvorlege er at regionen Årdal er ein del av, opplever stort sett den same utviklinga. I den grad nokre kommunar skil seg positivt ut, skuldast dette i stor grad intern flytting i regionen.

Vi ser likevel at aktiviteten i næringslivet er aukande, og at 2018 truleg vil vise ei anna utvikling enn 2017. Vi trur framleis at kommunen vil oppleve ein vekst i åra fram mot 2021, då fleire av bedriftene våre er i positiv vekst.

I 2017 har det vore jobba intenst med nye prosjekt, slår nokon av desse til i perioden fram mot 2020, vil dette få stor betydning for korleis arbeidsplassveksten vil utvikle seg i Årdal. Mogelege scenarier for arbeidsplassvekst ser ein i vedlagte figur. Kwart år kjem det prognosar over folketalsutviklinga i kommunane. Det er viktig å vere klar over, at desse prognosane ikkje tek høgde for lokale tilhøve, men er meir eit uttrykk for korleis dei lange trendane vil påverke oss. Trendane fortel oss at distrikta i Norge vil gå sakte tilbake, og byområda som Oslo, Bergen og Trondheim vil vekse. Trøysta vil vere at kommunar som får til etablering av nye arbeidsplassar langt på veg kan nøytralisere denne trenden, og ha ei stabil utvikling over tid.

Det er to hovudelement som skapar vekst, produktivitsvekst, og vekst i arbeidsstyrken. Produktivitsveksten i Årdal, har auka ganske mykje dei siste åra. Produktiviteten (verdskaping per tilsett) i næringslivet i Årdal er langt høgare enn landsgjennomsnittet.


Denne utviklinga trur vi vil halde fram innan industrien, som er den store næringa i Årdal. Årdal Utvikling har arbeida målretta saman med industrien for å få på plass ein kompetansestrategi, og resultatet ser vi no gjennom etableringa av SITEP AS og ny strategi for Sogn Opplæringskontor. Dette prosjektet tek ein sikte på å få fullført i 2018.

Næringslivet i Årdal vil i framtida vere budd på å møte global konkurranse gjennom effektiv og automatisert produksjon og høg kompetanse på arbeidsstokken.

Når det gjeld vekst i arbeidsstyrken er utfordringa meir kompleks. Fødselsoverskotet i Norge vart 1.700 i første kvartal 2018, det minste sidan 1985. Samtidig er det låg nettoinnvandring, 13.000 flytta til Norge, og 7.900 flytta ut i første kvartal 2018.

Dei siste fire åra har veksten i folketallet i Norge, minka kvart første kvartal samanlikna med året før.

Denne nasjonale trenden vert berre verre og verre, til lenger ut i distrikta ein kjem. I Sogn er situasjonen dramatisk og dei



Scenarier for arbeidsplassvekst

få positive tala nokon kommunar har, skuldast intern flytting i regionen, og endrar ikkje biletet av denne utviklinga. Vi før færre barn enn før. I Norge var tal for 2017 rekordlågt, 1,62 barn per kvinne. Det var det lågaste som nokon gang er målt i Norge. For distrikta og spesielt Årdal, vert denne trenden styrka av at jentene reiser ut frå kommunen og delvis også ut frå regionen. Biletet vi har laga med trivselsfylket, kjøper ikkje jentene. Dei reiser til byane og trivs der.

Det er heilt sikkert mange årsaker og mange tiltak som samstundes må kome på plass, for å motverke desse sterke trendane. Jentene tek utdanning i mykje større grad enn før, og vi veit kva type yrker dei kan tenke seg, ved å sjå på søkartala i vidaregåande skule og på høgskule og universitet. Så eitt av tiltaka vil vere å satse på næringsutvikling innan dei yrka som jentene vil jobbe i – undervisning, helse, omsorg og kultur. Syretesten på om vi får på plass ein god næringsplan for dei neste åra, vil vere om denne utfordringa blir løfta fram godt nok, og at dei gode utviklingsstrategiane kjem på plass for å realisere arbeidsplassar jenter vil ha. Strategisk næringsplan skal gjennom ei ny tung rullering i 2019. Her må dei nye strategiane retta mot kvinnelege arbeidsplassar, få sin sentrale plass.

Prioriterte prosjekt i 2017

Næringslivet peika på at kompetanse og innovasjon ville vere nøkkelfaktorar for at dei kan utvikle seg i Årdal. Saman med næringslivet gjennomførte Årdal Utvikling arbeidet med å få på plass ein kompetansestrategi. Denne vart vedteken som del av SNP 2018-2021, og i 2018 vil det vere mykje fokus på å vidareutvikle Sogn opplæringskontor og etablere SITEP AS som eit lokalt og felles FOU selskap. Signala frå næringslivet, regionen og fylkeskommunen er svært positive. I 2018 vil ÅU slutføre kompetanseprosjektet, gjennom å fullføre etableringa av eit kompetanse- og innovasjonsmiljø omkring SOK og SITEP. ÅU tek sikte på å tilføre 10 millionar kroner i eksterne midlar til prosjektet. Eit viktig resultat av dette, vil bli endå større fokus på knoppskyting, nyetableringar og innovasjon. Årdal er frå før gode på dette, nå skal vi bli endå betre.



Etableringsfrekvensen: Prosentvi andel av nyetableringar i året i prosent av antal eksisterande

Reiselivet har også fått mykje merksemd i 2017. Det er lagt ned mykje ressursar i ÅU på å vidareutvikle sjøfronten på Årdalstangen og opplevingar knytt til Utladalen. Prosjektet vil truleg gå inn i ein realiseringsfase i 2018 og 2019. Spesielt har Årdal kommune vore offensive og lagt til rette for arbeidet med sjøfronten på Årdalstangen. Skal ein lukkast med dette spennande utviklingsarbeidet er ein avhengig av at Årdal Sjøfront AS, klarer å skape ei god samhandling med reiselivet og kommunen.

Årdal har framleis ei utfordring på å få fram gode opplevingstilbod for besøkande. Vi er for dårlege på å koordinere opningstider og aktivitetar med større arrangement, som dreg besøkande til bygda. Trongen for å få på plass ein strategi for kulturbasert næringsutvikling, som kan samhandle med handel og reiseliv, er stor. Årdal Utvikling har diverre ikkje hatt naudsynte ressursar til rådvelde, for å kunne starte opp dette prosjektet.

Vi ser likevel at handelen framleis utviklar seg positivt i Årdal, noko som han har gjort kvart år sidan Årdalsenteret opna. Reiselivet held fram med å utvikle seg positivt. Så sakte men sikkert vil dette gi positive bidrag til Årdal si utvikling. Det er likevel viktig å ta godt vare på dei besøkande som trass alt kjem til Årdal. Sommaren 2017 køyrde 40.000 bilar over torget i Øvre Årdal. Om lag 13.000 av bilane kom over torget etter kl 17. Desse bilane møtte stengde butikkdørar. Eit godt samarbeid mellom handelsbedriftene og samarbeid med reiselivet, bør kunne finne gode strategiar på dette.



Årsrekneskap 2017

Årdal Utvikling | Org.nr.: 841843932

Resultatregnskap

	Note	2017	2016
	1		
Faste tilskot		2 000 000	2 000 000
Bedriftsretta tilskot		2 300 000	2 641 250
Andre driftsinntekter		0	71 727
Sum driftsinntekter		4 300 000	4 712 977
Lønnskostnad	2	1 999 234	1 847 122
Bedriftsretta tiltak		1 417 444	2 157 735
Annen driftskostnad	2	958 752	998 450
Sum driftskostnad		4 375 430	5 003 307
Driftsresultat		-75 430	-290 330
Annen renteinntekt		19 236	20 341
Annen finansinntekt		7 500	10 000
Sum finansinntekter		26 736	30 341
Nedskrivning av andre finansielle omløpsmidler	3	0	56 875
Annen rentekostnad		179	336
Sum finanskostnader		179	57 211
Sum netto finansposter		26 557	-26 870
Ordinært resultat før skattekostnad		-48 873	-317 200
Ordinært resultat		-48 873	-317 200
Årsresultat		-48 873	-317 200
Overført til udekket tap	5	-48 873	-317 200
Sum disponert		-48 873	-317 200

Balanse

	Note	2017	2016
Eiendeler			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	193 125	193 125
Sum finansielle anleggsmidler		193 125	193 125
Sum anleggsmidler		193 125	193 125
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer		18 190	126 400
Andre fordringer		563 212	129 463
Sum fordringer		581 402	255 863
Investeringer			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	288 284	294 143
Sum omløpsmidler		869 685	550 006
Sum eiendeler		1 062 810	743 131

Balanse

	Note	2017	2016
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Grunkapital	5	1 020 000	1 020 000
Sum innskutt egenkapital		1 020 000	1 020 000
Opptjent egenkapital			
Udekket tap	5	-1 018 797	-989 924
Sum opptjent egenkapital		-1 018 797	-989 924
Sum egenkapital		1 293	90 076
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Annent langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		874 461	288 560
Skyldige offentlige avgifter		131 838	136 908
Annent kortsiktig gjeld		258 612	268 591
Sum kortsiktig gjeld		1 061 608	693 055
Sum gjeld		1 061 608	693 055
Sum egenkapital og gjeld		1 062 810	743 131


Ardalstangen, 10.04.2018
Ardal Utvikling


Anne Kruppi
Styreleder


Jarle Magns Teigen
Nestleder


Ørjan Stedje Yrvisaker
Styremedlem


Bjørn Håvro
Styremedlem


Line Moen
Styremedlem


Terje Laberg
Daglig leder

Noter til årsregnskapet

Note 1 Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven 1998. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder. I utgangspunktet er det reglene for regnskapsoppstilling for små foretak som er benyttet.

Stiftinga er ikkje skattepliktig.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld.

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifiseringen av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler avskrives over forventet økonomisk levetid. Avskrivningene er som hovedregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Skatter

Stiftinga er ikkje skattepliktig, og det er difor ikkje noko skattekostnad i rekneskapet.

Note 2 Lønnskostnader mv.

	2017	2016
Løn	1 486 114	1 451 830
Arbeidsgjevaravgift	163 537	159 560
Andre lønsrelaterte ytelsar	43 636	47 980
Pensjonskostnader	269 841	155 147
Andre personalkostnader	36 106	32 605
Totalt	1 999 234	1 847 122

Det har vore 2 årsverk i selskapet i 2017. Løn til dagleg leiar er kr 997 116

Ytelsar til andre:

Styremedlemmer	kr 30 540,-
Revisjonshonorar	kr 32 500,-
Andre honorar revisor	kr 0,-

Selskapet har obligatorisk tenestepensjon som stettar kravet i lova.

Note 3 Investeringar

Årdal Utvikling hadde pr. 31.12.2017 følgende investeringar:

Selskapsnavn	Aksjekapital	Tal aksjar	Kjøpsår	Pålydande	Bokf.verdi
Indre Sogn sparebank	38 250 000	2 500	1989	250 000	193 125
Totalt					193 125

Note 4 Bundne midlar

Bundne midlar avsett til skattetrekk utgjer pr 31.12.2017 kr 81 632. Skuldig skattetrekk er kr 81 632

Note 5 Eigenkapital

Endring egenkapital

	Grunnkapital	Kapitalfo nd	Udekka tap	Sum
Egenkapital 01.01.	1 020 000	0	-969 923	50 077
Underskot 2017		0	-48 873	-48 873
Egenkapital 31.12.	1 020 000	0	-1 018 796	1 204

Årsoppgjeret til Årdal Utvikling er avlagt under forutsetning om fortsatt drift. Årdal Utvikling har i 2018 fått auka tilskotet fra Årdal Kommune. Prosjekttiltak og tilsagn på tilskot vil bli tilpassa økonomien i selskapet.

Til styret i stiftelsen Årdal Utvikling

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Årdal Utviklings årsregnskap som viser et underskudd på kr 48 873. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2017, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2017, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlaget for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har oppfylt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som

grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Sogndal, 10. april 2018

Deloitte AS


Anne Britt Hjelmeseter
Statsautorisert revisor



